


MELLANE - Natur- og Kulturinfo



Teiknforklaring

Grenser for geologiske formasjoner / forkastningar

- Strandefjordformasjon - mellsenngruppa
- Mellsenngruppa - valdresparagmitt
- Strandefjordformasjon - valdresparagmitt
- Annan markert forkastningssone
- Valdres skiferbrot

Viktige viltområder


- Trekkområde for hjortevilt
- Anna viktig leveområde for hjortevilt
- Trekkområde - vinterbeiteområde for elg
- Viktig leveområde for hønsfugl
- Viktig område for lirype
- Viktig område for annen hønsfugl

Kulturmiljø

- Støl med mjølkeproduksjon 2005
- Anna sel/stølshus
- Hytte
- Beitereskler for storfe seinare tid
- Beitereskler for storfe tidlegare
- Fornminner - kolgrop/grop


Friluftsliv

- Tydeleg / merka stig
- Rute fjellstafetten utanom stig
- Registreringskasse fjellstafetten
- Tilrådd startpunkt fjellstafetten



Geologien og landskapet.

Det særprege landskapet i mellaneområdet med dei kjente profilane til Rundemellen og Skarvemellen har sin forklaring i den geologiske historia. Som det geologiske oversiktskartet syner ligg området som ein framskuva del av valdresdekket, og består hovudsakleg av valdressparagmitt. Under framskuvinga som skjedde for vel 400 mill år sidan (kaledonske fjellkjedefolding) tippa lagpakke med fjell over, slik at dei eldste bergartene vart liggande øverst. Profilen gjennom sørsida av Skarvemellen syner dette. Sjå om du kjenner att profilen når du kjører vegen frå Juvike/Turrsjøen.



Figur omteikna etter Loeschke 1967, Oftedal 1974.

Valdressparagmitt har ein alder på over 650 mill år, mens fyllitten i strandefjordformasjonen er ca. 470 mill år. Mellenngruppa har sin 'klassiske' utforming i skarvemellenområdet, og det er i denne gruppa vi finn grunnlaget for drifta ved Valdres skiferbrot. Skiferlaget ligg mellom to stive kvarstittlag, noko som truleg er forklaringa på at skiferen har den gode kløyven trass i 'tumultane' under fjellkjedefoldinga. Valdresparagmitt



Kvarstkonglomerat frå toppen av Skarvemellen. Foto: O. Hålimoen

er ein ofte grå, grovkorna sandstein som kan ha større raudbrune korn av feltspat. I mellaneområdet er det skilt ut fleire typar knytta til Rabbalsmellen, Rundemellen/Skarvemellen og Rongslifjell. I enkelte område førekjem kvarstkonglomerat som i toppen av Skarvemellen.

Dette er småstein kitta sammen av ein finare masse. Valdresparagmitt er både hard og næringsfattig, og i område med sparsomt jorddekke, som i mellaneområdet, får vi dårlege veksttilhøve med karrig vegetasjon. Dette ser vi tydeleg på toppane og mellaneplatået der isen også har skrapa bort mykje av lausmassane. Dette står i sterk kontrast til områda mot sør og aust som ligg på næringsrik berggrunn av fyllit.

Naturtilhøve og dyreliv.

Områda rundt Mellane er viktige viltområde både for hjortevilt og hønsefugl. Gjennom sjølve platået går det trekkvegar for elg mot aust. Dette er ein del av trekkssystemet mot Langsdalen og vidare til Murudalen i Nord-Fron og Sel. I sør mot grensa til Nord-Aurdal startar kommunen sitt viktigaste vinterbeiteområde for elg. Området strekker seg nedover mot dalbotn/Begna på begge sider av kommunegrensa. Rundt Mellane er det fleire større vatn, mens det småkupperte landskapet på mellaneplatået gjev opphav til ei rekkje tjern og dammar.

Av fiskearter er det registrert aure, abbor, røye og ørekyt. Mellenn er djup med store areal djupare enn 20 m, og største registrerte djupn er på vel 37 m, jfr kart. Viktigaste produksjonsareal for aure er gjerne grunnare enn 10 m. Djupna i Mellenn kan ha samband med dei spesielle geologiske tilhøva i området.

Kulturlandskap

Mellane er mot sør, aust og nord omkransa av kulturlandskap som framleis er prega av stølsdrifta. Stølsлага frå sør mot nord er: Mellennheimstølen, Juvike, Turrsjøen, Øyangsli, Rabbalen og Buahaugen. I 2005 var det mjølkeproduksjon på Juvike (2 stølar – 4 bruk), Turrsjøen (2 stølar), Rabbalen (4 stølar – 5 bruk) og Buahaugen (1 støl). Øyngsli er opprinneleg heimstøl der ein



Bakkesøte – indikator på langvarig beite/slått. Foto: O. Hålimoen

av stølane vart brukt som langstøl til 2003. Totalt var det 118 mjølkeku, 152 anna storfe og vel 70 mjølkegeit (Rabbalen) på stølane i 2005. I tillegg beiter 4 – 500 sau i området. Bakkesøte som er indikator på langvarig brukt beitemark i god hevd, er registrert på Juvike, Rabalen og Turrsjøen.

Mellennheimstølen var største heimstølslaget i kommunen.

Denne heimstølen ligg sørvendt og lunt til på næringsrik grunn.

Stølsjorda på dei fleste av dei vel 30 stølane er her framleis i bruk til slått og/eller beite. Pga. færre beitedyr og meir beiting på innmark er beiteområda/beiterekslene i dag redusert, jfr. kart. Juvike er det største stølslaget med over 100 bygg. Over halvparten av bygga er i dag hytter, noko som reduserer særpreget og gjerne aukar attgroinga. Bortsett frå fleire område med kolgroper rundt Juvike, er det registrert få fornminner (kulturminner frå før 1536) i området.

Friluftsliv

Mellaneområdet har ei særstilling for friluftslivet lengst sør i kommunen. Området er lettgått med korte avstandar, og er dermed svært godt egna for familieturar. Utsynet frå toppane er storvegs i alle retningar. Som kartet syner er det mange alternative ruter også til turmåla for fjellstafetten.

Stadnamn

Mellane – truleg samband med gamalnorsk (gno.) *merja* som tyder å knuse. Oppknusningssoner med 'knust' fjell oppstår gjerne ved fjellkjedefolding, jfr. sørsida av Rundemellen.

Rabbalsmellen – *rabal* kan tyda noko som er langaktig/stongforma, jfr. den lange kanten mot aust.

Skarvemellen – *skarv* kan tyda 'naken klippe', men kan også brukast om noko som er mindre/mindreverdige, jfr. *skarv* som lokalt namn på fjellrype.

Juvike – truleg omforming av *djupevike*. Dette samsvarar godt med at Mellenn er djupast inn mot Juvike.

Mellenn – *senn* har truleg opphav i gno. 'særin' som tyder vatn/sjø. Tydinga kan dermed vera vatnet som ligg i midten, jfr. også Nedrevatnet.

Kjølafjellet – *kjøl* er ofte brukt om høgareliggende rygg med innslag av myr. Dette er vel god karakterstikk av området.

Turrsjøen – namnet syner truleg til at vatnet har lite nedbørfelt og dermed liten tilrenning.

Øyngsli – *angen* har truleg opphav i gno. 'angr' som tyder vik. Vatnet med mange øyar og vikar høver godt her.

Røyri – gno. 'raudr' med tydinga raud truleg opphav her. Siktar ofte til raud fisk, dvs. røye.